





GEOFYSISK: Landsverneplanen for høgskular og universitet omtalar Geofysisk Institutt på Florida som eit viktig teknisk-historisk kulturminne. Bygget må no ha heis, og eigedomsavdelinga til UIB har funne plass til denne utan å skipla det flotte trapperommet til arkitekt Egill Reimers.



VILLAVEGEN 9: Som på Museplass 1, har Knut Fægri's hus ein staseleg trappehall med peis. Villaen er teikna av Schak Bull.



PARKVEIEN 9: I dette huset som er næraste nabo til Studentsenteret, held eigedomsavdelinga til UIB til. Trapperommet er nyleg renovert.




Nasjonalskatten PÅ NYGÅRDSHØYDEN

Universitetet i Bergen forvaltar ein nasjonalskatt. Halvparten av bygningane UIB eig på og rundt Nygårdshøyden er verneverdige, og vil snart bli freda.

– **UTFORDRINGA VÅR** er korleis ta vare på det verneverdige, samstundes som vi tilpassar bygningane dagens krav og behov, seier bygningsjefen ved UIB, Åse Tveitnes. Staben hennar har heile tida små og store byggjeprojekt på gang. For tida gjeld det mellom anna Bergen Museum, den gamle museumsbygningen som skal bli Universitetet si nye storstove om det berre kjem pengar på statsbudsjettet. Villaen på Museplass 1 som er kontor for universitetsleiinga, er under renovering, og realfag-

bygget blir bygd om etter å ha fått mange nye brukarar.

– **NYE TIDER** og nye fagfelt, krev heile tida endringar i bygningsmassen, og det skal ofte lite til før ein har øydelt viktige deler av interiør eller eksteriør. Difor føregår no all vår planlegging i tett dialog med Riksantikvaren. Erfaring viser at det er mogeleg å få til nødvendige endringar og tilpassingar. Ombygginga av Universitetsbiblioteket er eit godt døme på dette, seier Åse Tveitnes.




REALFAGBYGGET: Verneplanen meiner Realfagbygget i lag med Universitetsbiblioteket er det viktigaste formålsbygget som er reist ved UIB etter krigen. Også her er trapperommet freda.

– Der opna vi opp huset, la til rette for moderne studentarbeidsplassar og fekk dei tilsette med på å jobba i eit ope landskap. På Museplass 1 var utfordringa korleis vi skulle plassera ein heis, det har vi klart ved å byggja ein glasheis på utsida av bygningen.

På same måten var det om å gjera å finna plass til ein heis utan å skipla det spesielle trap-

perommet til Egill Reimers i Geofysisk Institutt, Allegaten 70. Også den oppgåva let seg løysa.

DEN EINASTE av alle villaene Universitetet disponerer på Nygårdshøyden, som ikkje er ombygd til kontor, er Knut Fægri's hus, Villaveien 9, teikna av Schak Bull. Der er framleis interiøret i stovene til kjøp-



UNIVERSITETSBIBLIOTEKET: UB sine bygningar på og omkring



vart nytt i 1961 og blei rehabilitert i i 2005. No blir bygningen freda i lag med kring 30 andre av UIB Nygårdshøyden.

mann Lehmkuhl intakt. Dette huset blir brukt til mottakingar og til doktergradsmiddagar.

RIKSREVISJONEN påpeika for fleire år sidan at mange av dei statlege bygningane her i landet vart forvalta på ein altfor lemfeldig måte. Det vart sett i gang arbeid med å laga landsverneplanar mellom anna for høgskular og universitet. Verneplanen er fer-

dig og ligg til handsaming hos Riksantikvaren. UIB må følgja opp ved å laga ein forvaltingsplan med dokumentasjon av kvar enkelt bygning.

– På denne måten skaffar vi oss eit viktig verktøy for den vidare handteringa av dei freda bygningane, seier Tveitnes, som håpar at det også følgjer auka løyvingar med fredingsvedtaket. – For det kostar svært mykje å

ANNO 1880-ÅRA: På 1960-talet kjøpte Universitetet mange villaer på Nygårdshøyden. Dei skulle rivast, og det skulle byggjast nytt. Fordi det ikkje kom pengar frå staten, vart dei fleste villaene i staden ombygde og tekne i bruk av UIB. Det einaste av desse husa frå 1880-åra som ikkje blei kontor, er Knut Fægri's hus i Villaveien 9. Huset blir brukt til fest og representasjon.

ta vare på denne bygningsmassen, seier ho.

UNIVERSITETET I BERGEN vart ikkje formelt oppretta før i 1946, men det var vitskapleg aktivitet i Bergen frå 1825, då Bergen Museum vart etablert. Bygningstiljøet frå museet til Sydneshaugen skule utgjør ifølgje verneplanen eit kulturmiljø av nasjonal verdi. Det gjeld også anlegget rundt Geofysisk institutt på Florida. Ein del av bygningsmassen vert omtala som Murbyen på Nygårdshøyden. Dette er villaer frå siste del av 1800-talet. Universitetet kjøpte desse eigedommane for å riva dei. Planen var å reisa store nybygg i området, men dette blei ikkje noko av. Villaene blei i staden ombygde til kontor og undervising. På 90-talet selde UIB mange av eigedommane.

FOR NOKRE ÅR SIDAN laga Universitetet ein vegvisar til bygningane sine, eit hefte som sidan er delt ut til alle nye studentar. Alle tilsette har også fått vegvisaren i julegåve.

– Bygningane er ein viktig del av identiteten til Universitetet. Dei høyrer til alle som studerer og jobbar her, seier Åse Tveitnes.

Universitetsområdet er også ein del av bybiletet i Bergen. Bygningane til UIB er sentrale bygg som mange her i byen har eit tilhøve til. I samarbeid med UIB, startar vi i dag ein nye serie på baksida av Hus og hjem, der vi kvar fredag vil presentera eit UIB-bygg med bilete og ein kort tekst.

EVA RØYRANE
ØRJAN DEISZ (foto)
eva.royrane@bt.no

Byarkivet lagar bok

Baksideserien Byarkivet forteller, er blitt historie. Men Byarkivet har planar om å samla artiklane frå Hus og hjem, og gje ut eit hefte om bygningar i Bergen.

I LØPET AV VEL TRE ÅR har Byarkivet fortalt lesarane av Hus og hjem om kring 150 ulike bygg i Bergen. Ti av dei tilsette på Byarkivet har bytst om å skriva for den faste spalten på sistesida i eigedomsmagasinet. Dei har skriva om planlagde bygg det aldri blei noko av, om kommunale og private bygg, og no sist om noko av det stat og fylket har bygd i byen.

– **DETTE HAR VORE** eit kjekt oppdrag. Utvalet vi har gjort, har vore litt tilfeldig, men vi har lagt vekt på å variera og vi har sett pris på dette høvet til å henta fram mange flotte teikningar frå arkitektarkiva vi har liggjande, seier rådgjevar Ingfrid Bækken ved Byarkivet.

Parallelt med at artiklane har kome på trykk i BT, har dei blitt lagde ut på nettsida til Byarkivet. Dei som samlar og tek vare på byens arkivmateriale, formidlar også kunnskap frå arkiva på ulike andre måtar. Kvar tredje tysdag i månaden inviterer dei til føredrag i lokala sine i Hansaparken. Tysdag 18. september skal det handla om varehuset Sundt med utgangspunkt i gamle bilete, og i november er temaet Haukeland sykehus.

INNIMELLOM LAGAR dei utstillingar, og dei har ei eiga nettside om Årstad bydel, der dei legg ut artiklar om Årstad-historie. Byarkivet har også laga ei nettutstilling om reaksjonane etter 22. juli.

– Vi har mykje spennande i arkiva våre, og vi prøver heile tida å finna nye former for formidling, seier Bækken som også inviterer til Arkivdagen på Byarkivet andre laurdagen i november. Temaet i år er møteplassen.

EVA RØYRANE
eva.royrane@bt.no